

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - X05	17/613

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
37/2017	Utval for levekår	PS	04.05.2017

## Orientering - Prosjekt samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås

### Vedlegg:

Prosjektmandat Radøy, Meland og Lindås

Søknad om skjønsmidler (prosjektskjønn) - samordning av velferdsteknologi

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret sak 124/2016 fatta m.a. vedtak: «Tiltak finansiert av midlar frå disposisjonsfondet: Rådmannen får fullmakt til å disponere inntil kr 1 mill. av disposisjonsfondet til innkjøp av utstyr og til kompetanseheving innan feltet omsorgsteknologi/kvardagsrehabilitering. Rådmanen skal gi melding til formannskapet om bruken av desse midlane innan 1.7.2017.»

Viser her til prosjektmandat og søknad om skjønsmidler (vedlegg) vedrørende Prosjekt samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås.

Prosjektansvar ligg hjå Meland kommune, og prosjektleiar kjem frå Lindås kommune. Prosjektleiar vil gje ei orientering om status/framdrift i møte.

I tillegg til nemnde prosjekt over har Meland kommune parallelt søkt om opptak i nasjonalt velferdsteknologi-program. Dette er eit eige prosjektsamarbeid mellom 10 kommunar (Masfjorden, Radøy, Lindås, Meland, Fedje, Modalen, Osterøy, Austrheim, Vaksdal og Gulen). Masfjorden er innsøkande kommune, og ein søker tilskot via Helsedirektoratet. Det vert gjeve meir informasjon om dette prosjektet seinare i år.

### Vurdering

Det er etablert intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Radøy, Meland og Lindås. Det er her stadfesta at arbeid med samordning og utvikling av velferdsteknologiske løysingar innan tenesteyting er eit satsingsområde for den nye kommunen.

Rett bruk av velferdsteknologi kan bidra til at den einskilde brukar i større grad kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever seg som meir sjølvhjulpen. Dei fleste ønskjer å klare seg sjølv mest mogleg sjølv og bu i eigen heim. Dette er viktig med omsyn til oppleving av

eigenverd, sjølvbestemming, livskvalitet og tryggleig.

Rådmenn i Radøy, Meland og Lindås har gjeve oppdrag om å iverksette Prosjekt samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås. Dette prosjektet skal bidra til best mogleg førebuing av å organisere tenesteyting med bruk av verktøy innan velferdsteknologi fram mot 2020.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Rådmann legg fram informasjon om oppstart av arbeid med å samordne velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levkår tek informasjon om Prosjekt samordning av velferdsteknologi i Radøy, Meland og Lindås til vitande. Utvalet vert jamleg halden orientert om framdrift, samt vert del av verksemd i referansegruppe.

### **Utval for levkår - 37/2017**

#### **ULK - behandling:**

Presentasjonen "Samordning av velferdsteknologi i Meland, Radøy og Lindås" vart delt ut i møte.

#### **ULK - vedtak:**

"Utval for levkår tek informasjon om Prosjekt samordning av velferdsteknologi i Radøy, Meland og Lindås til vitande. Utvalet vert jamleg halden orientert om framdrift, samt vert del av verksemd i referansegruppe."